

# Interpellasjon om Moria

---

## Interpellasjon frå *Anna Nordlund (SV)* om å støtte oppropet “Evakuer borna frå Moria”

Situasjonen for menneska i flyktningleiren Moria på Lesbos i Hellas har gått frå vondt til verre, til å bli ei humanitær krise. Leiren som er bygd for 3000 menneske husar no nesten 20.000. Talet veks frå dag til dag, og leveforholda i leiren blir stadig verre. Særleg for born er tilhøva i flyktningleiren katastrofal, og borna blir skada psykologisk for livet av å bu der. Dei fleste er kronisk redde, mange er sjuke, skulegangen er marginal - for nokre få. Moria må evakuerast.

Over 2.500 personar har sendt e-post til utanriksministeren for å be ho finne dei politiske løysingane som er naudsynte for at barna kan bli evakuert. Alver kommunestyre støttar oppropet og vil arbeide for samarbeid med Lesbos for å betre vilkåra for flyktningane.

FN og Noreg forventar at kommunar og andre verksemder tek eit sjølvstendig ansvar for å fremje og respektere standarden for menneskerettar. Alver skal dermed vere ei kommune der menneske som kjem i krise og store vanskar skal få den hjelpa dei treng. Vår kommune har kompetanse og kapasitet til å busetje fleire flyktningar enn det regjeringa har lagt opp til, også når det gjeld einslege mindreårige, og ber regjeringa svare positivt på førespurnaden frå Hellas om å ta mot einslege mindreårige frå flyktningleirane.

I ei verd der menneskerettane er under press sender kommunestyret eit tydeleg signal om at kommunar og lokalsamfunn kan gå i front der statar svikter. Moria må evakuerast. Noreg har eit ansvar. Europa har eit ansvar. Berre saman kan vi betre tilhøve for borna, dei fortener engasjementet vårt!

### Forslag til vedtak:

1. Alver kommune støttar oppropet ‘Evakuer borna frå Moria’
2. Alver kommune har kompetanse og kapasitet til å busetje fleire flyktningar enn det regjeringa har lagt opp til, også når det gjeld einslege mindreårige, og ber regjeringa svare positivt på førespurnaden frå Hellas om å ta mot einslege mindreårige og andre sårbare frå flyktningleirane.
3. Alver kommune krev at Noreg skal vere ein pådrivar for at menneskerettane blir overhaldne i europeiske flyktningleirar, og at grunnleggande behov blir dekt.